



Pat og Gil fann tonen saman i Dønhaugkjedlaren fredag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Gil Edwards frå Oregon i USA og Pat Savage frå Toronto i Canada er to musikarar av internasjonalt format. Kvar for seg er dei ei oppleving, men saman er dei dynamitt! Det fekk dei oppleve som var i Dønhaugkjedlaren fredagskvelden .

Diverre var dei altfor få, men folk kan få sjansen att laurdag kveld for då spelar Gil og Pat under låvedansen, som set punktum for sesongen. Det kom laurdag fans til og med frå dei største byane på Vestlandet - men kor var uskedelingane?

Dette var andre gongen dei to kanonane møttes og spela saman, men dei fann raskt tonen og det var ikkje vanskeleg å oppfatta at dei stotrivdes saman både musikalsk og ellers. Her trilla gamle storslagarar ut som erter av ein sekk og dei inspirerte kvarandre undervegs. Også deira showtalent kom tydeleg fram. Og dei trivdes på Dønhaug. Gil har no vore der så mange gonger at Magne Huglen har mista rekninga, medan dette er besøk nummer to for Pat.

Kven er dei så eigentleg? For dei som bør ha planlagd ein visitt på låvedansen tek vi med nokre viktige fakta:

* Pat er ein svært allsidig gitarist og songar. Det står å lesa at han spela og song allereie som toåring og difor vart rekna som eit vidunderbarn. Han har håva inn mange prisar både i USA og Canada og toppa deltakarlista på mange festivalar. Berre dette året turnerar han i over 30 land. Han har spela saman med ingen ringare enn til dømes Joe Cocker, Manfred Mann og Uria Heep. Pat har basen sin i Amsterdam, men han har no spela inn ei plate saman med blueskongen Reidar Larsen i Stavanger og ho kjem i slutten av året.

* Gil har vi mange gonger kalla eit fyrverkeri av ein artist. No har han budd så lenge i Ålesund-distriktet og pratar så bra sunnmørsdialekt at vi snart har adoptert han. Også han er svært allsidig. Han opererer innan sjangeren roots/rock, men har innslag av country og blues, seier han sjølv.

Og laurdag kveld kan ein altså oppleve både Gil og Pat - på eitt Brett!

Av Ola Matti Mathisen